



Laurdag føremiddag er berre ein tredjedel av plassane i Dønhaugkjedlaren fylt til årets siste konsert i kveld. Med andre ord er det framleis god plass tilfor dei som vil høyra ein lovande artist - Robert Smith-Hald frå Pennsylvania og Bergen!

Dei som høyrde han under Kick-off-arrangementet for Festidalen på Vertshuset sist sommar og kanskje også på sjølve Festidalen vil sikkert gjenta eksperimentet. Som i Vertshuset har han med seg Ole Rasmus Hjelle frå Nordfjordeid, fortel Magne Huglen.

Duoen inngår i 'Robert Smith Hald & Fusas finest', eit relativt ferskt band med seks mann som for ikkje lenge sidan lanserte debutplata 'Innocence said' og fekk strålande kritikkar. Ei rekkje anmeldarar kom med terningkast 5. Tekstane fortel heilt spesielle historier som Robert har skrive sjølv og som oppsummerer det spesielle livet hans.

Robert voks opp i ei streng sekt og hans seinare opplevingar går som ein raud tråd gjennom plata. Men Robert og Ole Rasmus vil sjølv sagt også spela mange andre låtar. På biletet er dei i aksjon i Vertshuset sist sommar.

(Foto: Ola Matti Mathisen)